



Notat

Dato: 13.05.2015
Arkivsak: 2015/5048-1
Saksbehandlar: hanespe

| | |
|-------------|---------------------------|
| Til: | Kultur- og ressursutvalet |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Dialogkonferansen 2015 - invitasjon og program

Hordaland fylkeskommune arrangerer årlege konferansar for kommunane og frivillige organisasjonar i fylket. Målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Dialogkonferansen 2015 vert arrangert i København 2. til 4. september 2015. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar i kommunane er primær målgruppe. I tillegg er også dei store regionale organisasjonane, som t.d. Hordaland idrettskrets, Bergen og Hordaland Turlag og friluftsråda representert.

Administrasjonen har eit godt samarbeid med ulike aktørar i Danmark for å få eit best mogleg samansett program i høve kompetanse og inspirasjon innanfor fagfeltet. På programmet i år står mellom anna skulesatsing og nærfriluftsliv. Det vert stor vekt på synfaring på anlegg både for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Invitasjon og førebels program ligg ved.

Hordaland idrettskrets arrangerer parallelt ein studietur for sin administrasjon, og ein del av programmet vil samkøyrast med dei. Dette er særleg positivt med tanke på nettverk og erfaringsdeling på fagområde. I etterkant av konferansen vil vi lage ein rapport som kommunane kan bruke i sitt vidare arbeid.

Representant(ar) frå Kultur og ressursutvalet er velkomen til å delta på Dialogkonferansen 2015 med evt helsing frå utvalet onsdag 2. september, og vere tilstade under heile samlinga. Kommunane har gitt særskild god tilbakemelding på slik deltaking tidlegare.